
Til: Opplæring- og helseutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/12339-1

Dato
21.02.2014

Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune

Bakgrunn

Grunna endringar i opplæringslova §§3-7 og 3-8 og forskrift til Opplæringslova §§3-5, 3-6, 3-7 og 3-8 er det trong for å revidera *Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland Fylkeskommune*, som skriv seg frå 2011.

Det vart difor sett ned ei prosjektgruppe som skulle gjennomgå og revidera gjeldande reglement for å

- sikra samsvar med Opplæringslova og forskrift til Opplæringslova
- innarbeida presiseringa frå Utdanningsdirektoratet
- vera grunnlag for vurdering i orden og åtferd
- sikra heimel for dei refsings-/sanksjonstiltaka som er nødvendige for å ivareta eit trygt lærings- og arbeidsmiljø
- ivareta tilstrekkeleg konkretisering som grunnlag for felles forståing og handtering/praksis

Prosjektgruppa var slik samansett

- Inger Mortensen Morken, rektor ved Årstad vidaregåande skole
- Sigrid Hiller, rektor ved Askøy vidaregåande skole
- Linda Farestveit, seksjonsleiar skule
- Hillevi Elizabeth Runshaug, regionleiar
- Laila Kleppe, seniorrådgjevar
- Martin Ljung, Skolenes Landsforbund
- Joakim Kvalvaag, Elevorganisasjonen
- Inge A. Alver, seniorrådgjevar, prosjektleiar

Prosjektgruppa leverer med dette sitt utkast til ny forskrift etter at det har vore handsama i leiarmøte og vore på høyring til skulane, lærarorganisasjonane, Elevorganisasjonen, Juridisk seksjon og alle på Opplæringsavdelinga.

Seks skular svara på høyringa og kom med nokre forslag til presiseringar. Uttalane frå skulane og frå organisasjonane var positive i høve utkastet og arbeidet til gruppa.

Nytt i dette utkastet til ny forskrift er at brot på ordensreglementet ved ekskursjonar/reisar kan føre til heimsending, men ikkje for eigen kostnad, som tidlegare. Skuleeigar/skulen må dekkja kostnadene i samband med heimsending av elevar uansett grunn. Nyare presiseringar frå Udir. ligg til grunn for denne endringa. Udir har tolka regelverket i artikkelen *Skoleturar og gratisprinsippet i vidaregåande opplæring* av 15.11.2007, sist endra 07.06.2011, der det i avsnittet *Særleg om skoleturer* mellom anna står: *Dersom skoleeigaren og skolen er ansvarlege for skoleturen, er dei dermed også ansvarlege for organisering, gjennomføring og dekning av kostnadene ved ei eventuell heimsending av elevar.* Udir. har laga ei utgreiing og grunngjeving av dette som svar på eit spørsmål frå Fylkesmannen i Rogaland.¹

§3-6 fjerde ledd og §10-tillegg om heimsending for eigen kostnad er ikkje vidareført i det nye utkastet til forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement.

I tillegg er det gjort redaksjonelle endringar for å forenkla og presisere.

§1. FORMÅL

Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skulen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Skulen skal arbeide for å hindre at elevar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i Orden og Åtferd (jf. Opplæringslova §§ 1-1, 3-7 og Forskrift til Opplæringslova §12-1).

¹ <http://www.udir.no/Regelverk/Tolkning-av-regelverket/Gratisprinsippet/Sporsmal-vedrorende-heimsendelse-fra-skoletur--saksbehandling-og-betaling/>

§2. VIRKEOMRÅDE

Reglementet gjeld for alle fulltids-, deltid- og utvekslingselevar og lærlingar/lærekandidatar under opplæring ved skulen og, så langt det høver, også for vaksenopplæringa sine elevar og andre når opplæringa er i skulen sin regi.

Reglementet gjeld i timane, friminutta, på veg til og frå skulen og ved opplæringsformer og aktivitetar i skulen sin regi både på og utanfor skulen sitt område (til dømes ekskursjonar og elevreiser).

§3. PLIKTER OG ANSVAR

Elevane har plikt til å rette seg etter dei lover, reglement og instruksar som gjeld. Elevane skal møte skulen sine tilsette og medelevar med omsyn og respekt.

A. Møte presis

Elevane har plikt til å møte presis til opplæringa og delta aktivt i all opplæring. Dersom eleven ikkje kan møte til avtalt tid, må han/ho gje melding til skulen snarast råd.

Eleven skal snarast mogeleg ta kontakt med faglærer for å avtale korleis læringsarbeidet kan følgjast opp dersom han/ho ikkje kan gjere arbeidet til avtalt tid.

B. Delta aktivt

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa i den form lærarane tilrettelegg og gjennomfører opplæringa i samsvar med læreplanane (jf. Opplæringslova §3-4, 2.ledd).

Elevane pliktar å delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-3, 3. ledd).

Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunktarakter manglar (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-3, 3. ledd). Dette kan bety at eleven ikkje får bestått kompetansebevis/vitnemål.

C. Bruk av utstyr

Alt utstyr som nyttast i læringsarbeidet må brukast på ein slik måte at undervisninga eller læringsarbeidet ikkje blir forstyrra.

Elevane må bruka det utstyret som læraren bestemmer.

Elevane har sjølve ansvar for sine personlege egedelar.

D. Bruk av verne- og tryggleiksutstyr

Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke dei arbeidsklede og verneutstyr som læraren krev og/eller som er påbode av Arbeidstilsynet. Elevar som ikkje rettar seg etter dette skal visast bort frå undervisninga.

E. Teieplikt

Dersom elevar gjennom sitt arbeid, oppdrag eller verv i samband med vidaregåande opplæring blir kjende med bestemte opplysningar som dei ikkje skal gje vidare, kan skulen påleggje elevane teieplikt. Dette må ikkje vere til hinder for å varsle om kritikkverdige og ulovlege tilhøve.

Teieplikta gjeld også etter at eleven har avslutta vidaregåande opplæring (jf. Forvaltningslova § 13-c).

F. Ekskursjonar/reiser i regi av skulen

Alle som deltek på ekskursjonar og reiser i skulen sin regi, skal vise omsorg og respekt for dei andre deltakarane og andre dei møter på reisa. Tidsrommet mellom avreise og heimkomsten er å sjå på som skuletid, og ordensreglementet gjeld.

Eleven skal følgje instruksar frå reiseleiarar og skal delta i det oppsette programmet for turen.

Brot på ordensreglane ved ekskursjonar/reiser i regi av skulen kan føre til heimsending for eigen kostnad.

§4. FORBOD

Brot på desse reglane vert handsama etter reglane i ordensreglementet. Alvorlege brot vil bli melde til politiet.

A. Vald, tjuveri, sjikane

Vald, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd skal ikkje forekomme.

Krenking og trakassering av andre gjennom sosiale medier skal ikkje forekomme.

Elevane skal ikkje laste ned, lagre eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som kan verke krenkjande og/eller er i strid med norsk lov.

Elevane skal ikkje spreie lyd- og/eller bildeopptak av andre elevar, lærarar eller andre tilsette utan deira samtykke.

B. Farlege gjenstandar

Det er forbode å ha farlege gjenstandar, våpen eller våpenliknande gjenstandar på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.

C. Rusmiddel

Det er forbode å vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.

D. Tobakk

Det er ikkje tillate å røykje eller bruke snus på skulens område.

§5. HÆRVERK

Skulen sin eigedom, læremiddel og utstyr skal brukast med omtanke. Hærverk og skade på skulens eller medelevars eigedelar kan føre til erstatningsansvar (jf. Skadeserstatningslova).

Døme på tiltak som kan kome i tillegg til refsingstiltaka i ordensreglementet

- Elevar kan gjevast høve til å utbetre skadane sjølve dersom dette er føremålstenleg.
- Elevar som har gjort hærverk, kan påleggjast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er gjort når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnad for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til brotet på regelverket

§6. FRAMMØTE OG FRÅVÆR

A. Rutinar

Alt fråvær blir registrert i SkuleArena.

Eleven må melde frå til kontaktlærer så tidleg som mogeleg dersom han/ho må forlate opplæringa i løpet av skuledagen.

Kontaktlærer skal ha beskjed om fråvær allereie frå første dag.

Sjå eigne rutinar og reglar for skulen.

B. Føring av fråvær på dokumentasjonen

Alt fråvær blir ført på vitnemålet og kompetansebeviset.

Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar.

Det er ikkje høve til å konvertere enkelttimar til dagar.

Rektor kan avgjere om fråvær for deltidselevar skal førast i dagar og timar eller berre i timar.

Eleven kan krevje at årsaka til fråværet vert ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset. Eleven må sjølv leggje fram samla dokumentasjon ved slutten av siste termin (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-47, 1.-3. ledd).

C. Fråvær som ikkje skal førast på dokumentasjonen

Ved planlagt fråvær (f. §3-47, 4.ledd) skal det søkjast til rektor. Søknaden skal vere skriftleg og grunnjeven, og den skal leverast i god tid.

Fråvær frå opplæringa vert ikkje tillate dersom det kan føre til manglande vurderingsgrunnlag, eller dersom eit fråvær gjer det vanskeleg å gjennomføre samarbeidsprosjekt.

Det blir ikkje gitt permisjon til feriereiser. Feriereiser kan heller ikkje reknast som sjølvstendig studiearbeid.

1. Permisjon inntil 10 dagar

Rektor kan gje elevar permisjon inntil samanlagt 10 skuledagar i eit opplæringsår utan at

desse dagane skal førast som frávær på dokumentasjonen dersom eleven kan dokumentera at fráværet skuldast:

a. helse- og velferdsgrunnar

For at frávær som skuldast helsegrunnar ikkje skal førast på vitnemålet eller kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. (Gjeld også sjuke barn). Frávær som skuldast helsegrunnar må vare i meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for frávær på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fráværet strykast frå og med første fráværsdag.

b. arbeid som tillitsvald

c. politisk arbeid

d. hjelpearbeid

e. lovpålagt oppmøte

f. representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå

Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har innanfor ramma på 10 skuledagar rett til inntil to dagar fri ved religiøse høgtider som ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-47, 8. ledd).

Eleven må sjølv framvise dokumentasjon ved slutten av siste termin.

2. Sjølvstendig studiearbeid

Eleven kan, etter godkjenning frå faglærer, søkje rektor om å få utføre organisert eller sjølvstendig studiearbeid for eitt eller fleire avgrensa tidsrom.

Eleven har sjølv plikt til å følgje opp skulearbeidet, slik at det vert grunnlag for vurdering av det sjølvstendige skulearbeidet, og at det vert grunnlag for karakter i faga.

Tida som vert nytta til sjølvstendig studiearbeid, skal ikkje førast som frávær (jf. Forskrift til Opplæringslova § 3-47, 7. ledd).

§7. VURDERING I ORDEN OG ÅTFERD

Føremålet med vurdering i orden og i åtferd er å hjelpe til i sosialiseringssprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gje informasjon om eleven sin orden og åtferd (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-2, 4.ledd).

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordens- og åtferdsreglementet ved skulen (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-5, 1.ledd).

Brot på ordensreglementet kan føre til nedsett halvårsvurdering og/eller standpunktkarakter i både orden og i åtferd.

Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtfærd (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-5, 5. ledd).

Det er ingen fritak frå karakterar i orden og åtfærd.

I fastsetjinga av karakterane i orden og i åtfærd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-5, 5.ledd).

Det er berre standpunktkarakteren i orden og i åtfærd som reknast som enkeltvedtak og som løyser ut klagerett.

A. Vurdering i orden

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna at eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendige læremiddel og utstyr (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-5, 2. ledd).

B. Vurdering i åtfærd

Grunnlaget for **vurdering i åtfærd** er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-5, 3. ledd)

§ 8. VARSLING

Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag fordi det ikkje er grunnlag for fastsetjing av karakter (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-7, 1.ledd). Det er ikkje krav om varsling ved fare for karakteren 1.

Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter, eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i Orden eller i Åtfærd (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-7, 2. ledd).

Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtfærd.

Elevar over 18 år kan gi samtykke til at foreldre kan varslast.

§9. REAKSJONAR VED BROTT PÅ ORDENS- OG ÅTFERDSREGLEMENTET

Alle refsingstiltak blir registrerte i SkuleArena.

Ordensreglementet fastset kva for refsingstiltak skulen kan bruke.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast (jf. Opplæringslova §3-7, 3. ledd).

Skulepersonalet har ei særleg plikt til å ha omsorg for elevane på skulen. Personalet har såleis ikkje berre rett, men også plikt til å gripe inn for å hindre at elevar skader eller plagar andre eller skader seg sjølv eller skuleeigedommen (jf. Opplæringslova kap. 9A).

Nødrett og nødverje gir ein viss rett for personalet på skulen til å stoppe valdelege handlingar mellom elevar med fysisk makt og til å verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege (jf. Straffelova §§ 47 og 48). Det kan ut frå forholda vere lovleg å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skader seg sjølve eller andre, eller skader eigedommen til skulen eller eigedomen til andre.

A. Refsingstiltak utan klagerett

1. Munnleg påtale frå ein av dei tilsette ved skulen.

2. Merknader.

3. Bortvising frå den aktuelle timen/aktiviteten for resten av arbeidsøkta etter vedtak fatta av faglærar. Skulen har framleis tilsynsansvar for eleven.

4. Bortvising frå skulen resten av skuledagen etter vedtak fatta av rektor.

B. Refsingstiltak med klagerett

Følgjande er enkeltvedtak med klagerett og skal handsamast etter Forvaltningslova:

1. Annullering av eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv.

2. Bortvising frå eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv.

3. Bortvising for ein heil skuledag - og inntil fem skuledagar etter vedtak fatta av rektor sjølv.

4. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/Fylkesdirektøren for opplæring om pålagt skifte av skule etter sak om vald eller mobbing.

5. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/Fylkesdirektøren for opplæring om bortvising for resten av skuleåret.

6. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/Fylkesdirektøren for opplæring om bortvising for resten av skuleåret med tap av rett til vidaregåande opplæring.

Når ein elev vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skulen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven visast bort for resten av skuleåret. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av skuleåret kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1. (Oppl.1.§3-8)

C. Presiseringar av reaksjonar ved brot på ordens- og åtferdsreglementet

- Ved skade eller tilgrising på skulen sin eigedom kan fylkeskommunen krevje istandsetjing eller erstatning etter reglane i Skadeserstatningslova.

- Alle typar straffbare forhold som skjer i samband med skulens verksemd bør meldast til politiet. Politiet må deretter på sjølvstendig grunnlag finne ut om vilkåra for strafferettslig forfølging, eventuell ransaking og beslag er til stades.

§ 10. REAKSJONSMÅTER VED FUSK PÅ PRØVER

Fusk eller forsøk på fusk på prøver (timeprøver, fellesarbeid og/eller avsluttande prøver) vil telje med i vurderinga av karakteren i åtferd. Det vil ikkje bli gitt fagkarakter på prøven. Resultatet på prøven blir annullert.

Fusk er å bryte reglane for hjelpemiddelbruk. Det betyr at dersom eleven t.d. hentar noko frå nettet når læraren har sagt at nettet ikkje skal brukast, er det fusk.

Plagiat er å hente noko frå nettet eller andre kjelder utan å oppgje kor det er henta frå. Då viser eleven låg måloppnåing, og oppgåva kan få ein låg fagkarakter.

§11. REAKSJONSMÅTAR VED FUSK VED EKSAMEN

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller forsøkt å fuske ved eksamen. Dette gjeld også dersom det er sensorane som oppdagar fusk eller forsøk på fusk. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor sjølv. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor fattar enkeltvedtak om annullering av eksamen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-37,4. ledd).

Enkeltvedtak om annullering av eksamen kan påklagast til Fylkesmannen. For elevar som får eksamen annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunkt karakteren bort (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-37, 5. ledd).

Dersom eksamen blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten gå opp til eksamen i faget som privatist tidlegast eitt år etter den annullerte eksamen (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-37, 4. ledd).

Fusk eller forsøk på fusk på eksamen vil få konsekvensar for karakteren i åtferd.

§12. BORTVISING FRÅ EKSAMEN

Elevar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av eksamen. Dersom åtferda til ein elev er i strid med dei retningslinene som Utdanningsdirektoratet / Fylkeskommunen har for eksamen, kan eleven, etter å ha blitt åtvara, visast bort. Bortvising skal avgjerast av rektor sjølv og er eit enkeltvedtak som kan påklagast til Fylkesmannen. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising (jf. Forskrift til Opplæringslova §3-36, 1. ledd).

§13. SAKSHANDSAMING VED REAKSJONAR PÅ BROTT PÅ ORDENS- OG ÅTFERDSREGLEMENTET DER ELEVEN HAR KLAGERETT

Før det vert sett i verk tiltak mot elevar som bryt ordensreglementet, skal eleven få høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. I grunngjevinga frå rektor skal det visast til dei faktiske forholda vedtaket byggjer på og kva for reglar som vert nytta.

Ved brot på ordensreglementet som kan føre til bortvising for meir enn resten av skuledagen, skal vedtaket grunngjevast i eige brev til eleven. Eleven og dei føresette har rett til opplysningar om klagerett, klagefrist og rett til å sjå eventuelle dokument i saka (jf. Forvaltningslova §27, 3. ledd).

Vedtaket kan setjast i verk umiddelbart og har ingen betydning for klageretten.

Eleven skal også få orientering om at det i spesielle høve kan søkjast om utsetjing av sjølve bortvisinga til handsaminga av ein eventuell klage er slutført (jf. Forvaltningslova §27, 3. ledd).

§14. KLAGEHANDSAMING

Ein klage skal vera skriftleg og grunngjeven. I klagen må det gjerast greie for dei tilhøva det vert klaga over, og klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket innan klagefristen – til vanleg 3 veker etter mottak.

A. Klagen skal sendast til den som har gjort vedtaket

- Klage over bortvising inntil 5 dagar skal sendast til rektor.
- Klage over annullering og bortvising frå eksamen skal sendast til rektor.
- Klage over bortvising for resten av skuleåret, eventuelt tap av opplæringsretten, skal sendast direkte til Fylkesdirektøren for opplæring.

Dersom rektor opprettheld bortvisingsvedtaket og ikkje tek klaga til følgje, skal rektor sende klagen med utgreiing og grunngjeving for dette vedtaket til Fylkesdirektøren for opplæring som klageinstans.

Dersom rektor opprettheld vedtaket om annullering av eksamen eller bortvising frå eksamen, skal rektor sende klagen vidare til Fylkesmannen.

Eleven som har klaga på enkeltvedtaket, skal få kopiar av oversendingsbrevet og av utgreiing og grunngjeving når klagesaka vert sendt vidare til klageinstansen.

B. Klageinstansar

- Ved vedtak om annullering av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen.
- Ved vedtak om bortvising frå eksamen som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen.
- Ved vedtak om bortvising for inntil 5 dagar som er fatta av rektor, er Fylkesdirektøren for opplæring klageinstans.

- Ved vedtak om bortvising for resten av skuleåret som er fatta av Fylkesdirektøren for opplæring er klageinstansen den fylkeskommunale klagenemnda.
- Ved vedtak om tap av opplæringsrett som Fylkesdirektøren for opplæring har fatta, er klageinstansen Fylkesmannen.

§15. TILLEGG TIL ORDENS- OG ÅTFERDSREGLEMENTET

For spesielle forhold som ikkje er dekte av ordens- og åtfersdsreglementet eller andre felles reglar som alt er gjevne av departementet eller fylkeskommunen, kan rektor fastsette tilleggsreglar. Desse kan ikkje vere i staden for eller i strid med reglementet.

Dette kan t.d. gjelde

- IKT-utstyr og mobiltelefonar
- Reiser og skuleturar
- Internatreglement
- Reglar for spesialrom, som t.d. skulekjøkken, laboratorium og verkstader
- Ordensteneste
- Eventuelle andre spesielle tilhøve

Heimel

Forvaltningslova:

<http://www.lovdatab.no/all/nl-19670210-000.html>

Opplæringslova:

<http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html>

Om ordensreglement og liknande:

<http://www.lovdatab.no/all/tl-19980717-061-002.html#2-9>

Forskrift til Opplæringslova:

<http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/xd-20060623-0724.html>

Om vurdering:

<http://www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-LK06/Veiledning-i-lokalt-arbeid-med-lareplaner/Vurdering/>

Rundskriv:

<http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/20101/Udir-1-2010-Individuell-vurdering/>

Rundskriv:

<http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/20101/Udir-2-2010---Retten-til-et-godt-psykososialt-miljo-etter-opplæringsloven-kapittel-9a/>

Tolkingar av ulike område:

<http://www.udir.no/Regelverk/Tolkning-av-regelverket/Ordensreglement/>